



Sak nr 6/2009

Møtedato: 28.1.09

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr:

Søknad om allbruksløyper frå Valdres fjellaktiviteter

Frå Statskog har fjellstyret fått oversendt søknad frå Valdres fjellaktiviteter om allbruksløype på vestsida av Sørre Syndin, løype frå Brennabu til Røvsalin og ei rundløype på tilleggsjorda F725, tilhøyrande Bård Røine. Statskog ber om uttale til søknaden.

Søknad frå Valdres fjellaktiviteter vart drøfta saman med kommunal løypeplan. Etter fjellstyret sitt syn bør talet på løyper avgrensast. Dette er m.a. etter signal frå hundekjørerane i Vestre Slidre og at motorisert ferdsel bør avgrensast. Vi har fått klare signal frå hundekjørerane om at det er tilfredstillande med ei løype langs Sørre Syndin og at denne bør gå på austsida. Returløype vil gå på vestsida av Midtre Syndin til Grønsennhøgde eller til Kvitehaugen.

Vedtak:

Fjellstyret har ingen merknader til søknad om løype frå Brennabu til Røvsalin og rundløype på F 725 på Vaset. Fjellstyret vil fråråda at det blir etablert løype på vestsida av Sørre Syndin.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 30.1.09

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Statskog